

Ei åpen dør!

Ved sida av møter vi døra inn til Svorkåstua i Orkdal. Vi kunne seie: Versågod, stig inn, her er fint å vere! «Sjå, eg har sett framfor deg ei åpen dør», står det i Skrifta. Meininga er: Ingen kan åpne den utan Jesus, og ingen kan heller stenge den utan han. Her er kvart menneske sin kjempesjanse, men her er også kvar sin kjempefare.

Vi var ei tid i Midt-Austen og Nord-Afrika. Vi fekk da demonstrert gjennom arkeologi og aktuelt folkeliv det som var den første kristentid sine store blomstrande områder, men som brått blei lukka igjen. Evangelisering der har vore forbode i 1300 år. Dette var kyrkjesoga si største tragedie. Verdsoga ville har vore totalt annleis om dette ikkje hadde hendt.

Kva var det som skjedde? Visseleg to ting: Indre åndeleg svekking. Ein gløynde etter kvart «sin første kjærleik». Og sterkt ytre press frå det krigerske Islam. Vi er inne i ei lagnadstid. Verda står på val som aldri før. Det er eit alvorleg spørsmål om døra vil bli åpen eller attleten. Det er sjansar for begge delar. Vi er inne i ei tid med dei største og finaste sjansar, men vi er også inne i ei tid der katastrofen lett kan veljast og framskundast.

Guds kyrkje vil aldri bli slått. Det veit vi. Vi hugsa sjøl dei innestengde gresk-ortodokse i Gaza by, og dei isolerte koptarane i Egypt. Dei var hermetiserte, stengt inne. Mulighetene var små. Men liv var det. Storarta kirstenmenneske møtte vi i kyrkjer med tusenårig isolasjon. Evangeliet hadde overlevd. No veit vi at dei siste åra har dette slått ut i full blomst. Den koptiske kyrkje i Egypt er blitt ein åndeleg faktor av dimensjonar.

La også oss nytte vår tids åpne dør. Om Kristus vinn skapnad i oss, står vi framfor ei forunderleg tid. Det ligg eit mektig kall i tida til for fullt å vere kristen.

tetar, noe vi ikkje tør sjå bort ifrå, er vi redd for at vi er inne i ei kald og kjenslelaus tid. Det er barnet og dei eldre som skapar varmen i menneskesamfunnet. Og ingen av desse gruppene ser det ut som vi har skikkeleg rom for.

ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 2

FEBRUAR 1977

27. årgang

MINUSVEKST

Kyrkjestatistikken for -76, som vi gjengir inne i bladet, viser at det dette året er født 101 barn i Orkdal prestegjeld. Samtidig viser dødstalet 125. Her er det altså ikkje berre blitt nullvekst, men også sterk minusvekst. Det er vårt århundres minste

fødselstal i Orkdal! Det tilsvarer 4 middels skoleklassar. Om vi ser bort frå innflytting, kan vi stille spørsmålet: Kva skal vi bruke våre veldige skoleanlegg til om noen år?

Det er elles eit anna spørsmål som interesserer oss meir. Er barnet blitt uønska iblant oss? Er vi komme så langt i effektivitet at vi ikkje har evne eller tid til å glede oss over barnet? Er vi så rike at vi ikkje har råd til å ta imot barnet, er vi så effektive at vi ikkje har tid til å føde barnet?

Om spørsmåla våre inneheld reali-

A erkjenne det rette og ikke gjøre det — er mangel på mot.

Konfucius

SLEKTERS GANG



Døpte

Geitastrand

- 25.12. Kjartan Sletvold
25.12. Ann Kristin Agnes

Orkdal.

- 26.12. Jon Haldor Kvidal (i Skaun)
1.1. Morten Brattås
1.1. Vidar Kroken
2.1. Andreas Gjerde (i Levanger)
16.1. Roger Fuglås

Orkland.

- 9.1. Dagrun Nilsen



Døde

Orkdal.

- 5.1. Guri Melås f. 1891
16.1. Anne L. Solem f. 1901

Orkanger.

- 30.12. Martin Ludvig Rømme f. 1888
7.1. Peder Sognli f. 1891
14.1. Aasta Erika Jønsberg f. 1905
18.1. Ingri Jensen f. 1899.

Orkland

- 25.1. Martin Skjølberg f. 1888

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

TURNDRAKTER

GARN — TRIKOTASJE

Kjoler, slacks og tumika.

20 lykkelige år

På oppfordring kommer i et nøtteskall en liten hilsen til menighetsbladet. Måtte det ikke angres på oppfordringen. Enkelte uttrykk kan synes litt underlige, f.eks. «jubellærer», et uttrykk som jeg har funnet på et gammelt gravkors over en prest. Men uttrykket høver jo godt for en formidler av det glade budskapet.

Så til tallet 20. Det betyr vår-vinteren 47 til høsten 67. Men var de lykkelige disse 20 årene? Det spør's hva en legger i dette meget misbrukte og mistyde ordet. Bare skyfri dager rommer ikke 20 år, selv ikke for presten. Men det var en rik tid, og derfor en lykkelig sådan. Min første og lengste tid som prest og jubellærer skulle bli i Orkdal, denne store og imponerende bygda. For slik måtte det virke for den som kom sporenstreds fra Namsskogen med de milevide skogstrekningene og grisebusetting. Å komme til råskodda og forstrøyken i Orkdal var som å komme til en lun seng, etter turer med hest og slede over Steinfjellet. Orkdal var ikke ukjent. For lengst var jårene og markagårdene besøkt i egen-skap av reisetaler. Å være dette før 1940 kunne være slitsomt, selv i Orkdal. En husker og husker: turene til fots i førefallet, med beksømsko på beina. De lak som en sil, og tross kjærlig mottaking og omsorg kom den igjen hver vår: den «3 dagers halsesyken». Men rike år var det. Det er vanskelig å unngå dette å bli for personlig. Mange eldre venner er for lengst borte, men langt fra glemt, — med navn skrevet i Livsens bok.

Så var det gymnaset som hjalp så glimrende til å holde en rask og spretten, — kroppslig og psykisk. Kunne det gått an å ta det med seg, hadde det blitt med lenger oppover dalføret. Flås-prat? Nei, talt ut av hjertet.

«Orkanger ligger ved bunnen av Orkdalsfjorden.» Der skulle tyngdepunktet av hjelpeprestens arbeid være. Men bygda fikk nok også sitt, på ære og samvittighet. «Flybasen» var Orkanger. Ja, for det ble en god del flying i den store bygda. Men, som en kjent mann sa: På Øra hørte presten med i gatebildet. Og der ruslet han rundt i 20 år blant gamle, sjuke, og last, not least: skjønn ung-



dom og barn. Aldri kan tindrende barneøyne glemmes der de strålte om kapp med tente juletre- og alterlys. Det var fest, nei, nåde å få stå på scene og prekestol for en slik forsamling. For her kunne det lyttes, og komme respons.

Men, — hvor blir det av bygda i alt dette? Sannheten er: Det var ingen konkurranse, ingen tautrekking fra den ene eller annen kant. Går det an i dag å rope en hemmelighet? Orkanger var primus inter pares. Og innerlig takk for det og for alt til alle

fra en som engang var jubellærer i Orkdal

Meldalspresten går av

Vi skulle liksom gjerne ha skrive «Orkangerpresten». Der var han i 20 år. Når no Olav Olsen går av for aldersgrensa må vi her i Orkdal også markere dette. Folk på Orkanger snakkar alltid om Olsen. Han var den første verkeleg bufaste presten der, og han blei der lenge. Olsen er også glad i Orkanger. Det er mange som lurur på om han heilt ut er blitt meldaling.

Vi takkar, og trur Olav Olsen blir å sjå av og til i kyrkjelivet i dalen, for han bur så nær at han er godt å ta til ved vikariat til stunder. Så: Velkommen til oss igjen!

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgiitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad

Redaktør: Inge Eidhamar

Annonser:

Sigmund Haugset.

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Helgedag

Søndagen er for den kristne helgedag. Ein skal halde helg. Det å halde helg er samstundes kvile og arbeidsinnsats. Til helg hører bøn, lesning, tankeverksemd, gudstenestegang, aktiv engasjement i gudstjenesta som mosjon for kroppen. Einsidig idretts/turaktivitet som einsidig sofatilvære er farleg for helga. Låkeins sjølsagt som om ein sat på gudsteneste frå morgon til kveld.

Framh. s. 9.

Ho var aldri borte frå templet!

Overskrifta er eit sitat frå nytestamentet. Det er gamle Hanna Fanuelsdotter som får denne karakteristikk. «Eg har frå barndomen vore vant med å gå til kyrkjes, og er framleis glad i det,» seier ei som heller ikkje er så heilt ung. Det gjeld Kirsti Halsen. Ho blir 92 til sommars. Fordi det nett er henne vi tenkjer på har vi også avbilda korpartiet i Geitastrandkyrkja. Kirsti har eit langt liv vore «blomsterpike» der. Ei av hennar store livsoppgåver har vore å sørge for at det alltid var friske blomster på altaret. Og utanfor på kyrkjegarden på mange gløymde og ugløymde graver planta Kirsti av sine fargerike blomster.

Som strandbygger flest hadde ho frå første stund tiltakets ånd over seg. Alt 1906 var ho elev ved Fredly folkehøgskole. Ho gjekk seinare noe så flott og pretensiøst som «Kvinnesaksforeningens husmorskole» i Oslo. Er du kvinnesakskvinne? spør vi henne halvt forundra. «Eg gjekk den skolen fordi det var ein god skole», svara Kirsti diplomatisk. Vidare gjekk ho

husstellærarskole på Hamar. Ho arbeidde på kjøkkenet på Orkdal sjukehus, på eldreheim i Fron, og hadde noen andre vikarjobbar.

Etter ei tid blei ho husstellærer på Sunnmøre ungdomsskole (folkeh.skole) i Ulsteinvik. Der opplevde ho ein vond strid mellom kristne skolemenn om kva line ein skulle følge. Det førde til at ein braut ut og laga ny folkehøgskole (Møre i Borgund). Kirsti Halsen blei på sin post hos det som lenge var NKUF sin einaste folkehøgskole i landet. Dei hadde 40 kr. i startkapital i Ulsteinvik. Det var vondt, men Kirsti smiler, sier: «Det er godt å vite at Peter og Paulus rauk i tottene på kvarandre.»

Framh. s. 9.



De trenger vår hjelp

Mens vi studerer våre slankeopp-skrifter, betaler avdrag på farge-fjernsynet og ser med forventning fram til følgetongen i neste ukeblad eller tippekampen på lørdag, er vi på vei inn i fastetiden. Har så denne delen av kirkeåret noen aktualitet i vår menighet og vårt hjem? Kanskje har vi registrert fastebøssen fra Kirkens Nødhjelp, men hvordan kan vi vite at pengene kommer frem?

I utgangspunktet er alle enige om at noe er galt når 80 000 barn dør av sult eller feilernæring hver eneste dag. At vår verden har 800 millioner mennesker som er analfabeter er også noe vi må gjøre noe med. Og når meldingene om jordskjelv og tørke kommer, virker det rystende med alle dødsfallene, de sårede og hjemløse. Vi vet at det er de fattigste som blir hardest rammet. Vi vil gjerne gjøre noe, og ser på fastebøssen fra Kirkens Nødhjelp. Kan vårt bidrag i et lite land i et hjørne av denne store og kompliserte verden ha noen betydning?

Før regnestykket blir for komplisert må vi ile til og si at Kirkens Nødhjelp aldri kan løse de store verdensproblemer. Om gaveinntektene ble fordoblet ville det ikke ha noen som helst innvirkning på Verdensbankens beregninger.

Men i Bangladesh lever det en bonde som har fått ny plog og litt kunnskaper om hvordan han kan dyrke gården sin bedre. Han har fått fiskegarn og kan skaffe fisk som er proteinrik mat for barna. Han vet



at flere hundre familier er i samme situasjon. I Nigeria er det registrert flere hundre nye gårdsbruk som bruker jorda på en effektiv og moderne måte. I Sudan er et stort utviklingsprosjekt med og gir håp for den oppvoksende slekt, og i Guatemala står 1000 hus som perler på en snor og er trivelige hjem for mange av de som ble rammet av et kraftig jordskjelv. Det er mennesker som «ikke har lært noe» om u-landsproblemer, men de kjenner dem daglig på kroppen. Da er det godt å vite at noen husker på nettopp DEM i en annen del av verden.

Barn som får melk i India, flyktningefamilier som får sitt eget hjem i Afrika og analfabeter som lærer å skrive navnet sitt i Latin-Amerika er beviset for at pengene kommer frem. Og en god del av gavene til Kirkens Nødhjelp blir samlet inn gjennom fastebøssene. Det viser at fastetiden og bøssene har aktualitet i vår menighet og vårt hjem.

Velkommen som medarbeider.

Vennlig hilsen Kirkens Nødhjelp

Offerkvitteringar 1976

Det norske misjonsselskap

Orkland 3.650. Orkdal 22.588.
Orkanger 1.670. Geitastrand 1.150.
Tils. 29.058 (9.334)

Den norske santalmisjon

Orkland 481. Orkdal 973. Orkanger 338. Geitstrand 206. Tils. 1.998 (3.463)

Norsk luthersk misjonssamband

Orkland 1.663. Orkdal 400. Tils. 2.063. (4.654)

Den norske Israelmisjon

Orkdal 972. (1.158)

Bibelmisjonen (D.n. bibelselskap)

Orkland 548. Orkdal 664. Orkanger 400. Geitstrand 1.150. Tils. 2.762 (2.563)

Misjon bak Jernteppet

Orkland 357. Orkdal 1.323. Tils. 1.680 (685)

Muhammedanermisjonen

Orkland 400 (356)

Kirkens Nødhjelp

Orkland 2.082. Orkdal 3.014. Orkanger 1.080. Geitastrand 1.800. Tils. 7.976 (10.625)

Den norske sjømannsmisjon

Orkland 292. Orkdal 904. Orkanger 233. Geitastrand 240. Tils. 1.669 (3.400)

Norsk søndagsskoleforbund

Geitastrand 410. Orkdal 628. Tils. 1.038 (1.220)

Indremisjonsselskapet

Orkland 2.696. Orkdal 1.118. Orkanger 403. Geitastrand 480. Tils. 4.697 (2.679)

Samemisjonen

Orkdal 583. Geitastrand 320. Tils. 903 (942)

Trøndelag kr. sangerforbund

Orkland 327. Orkdal 593. Orkanger 462. Geitastrand 360. Tils. 1.742 (0)

Kristent Kringkastingslag

Orkland 403 (0)

Kr. arbeideres forbund

Orkdal 616 (600)

Menighetsfakultetet

Orkland 535. Orkdal 1.143. Geitastrand 250. Tils. 1.928 (335)

Modum Bads Nervesanatorium

Orkdal 3020 (0)

Den indre sjømannsmisjon

Orkland 347. Orkdal 2.600. Tils. 2.947 (0)



Edvard Meyer

Tidene har skifta. Om ein prest såg slik ut i dag ville kanskje folk bli redde. Men myndige Edvard Meyer var ein mann som sette gode spor etter seg i Orkdal. Han her frå 1691 — 1716.

Hans ettermann vart:

VII Magister Edvard Meyer.

Far hans var Hans Edvardsen Meyer som i lang tid var slottsforvaltar hjå Kanslar Ove Bjelke og seinare fogd i Strinda fogderi. Edvard Meyer var fødd i 1647. Det står på eit måleri av han i Orkdal kyrkje. I 1671 vart han uteksaminert frå Universitetet etter berre 3 års studium — så det må ha vore ein flittig og begava student. Eit år seinare tok han Magistergraden. I 1676 finn vi han som forstandar og prest ved Hospitalet i Trondheim. I 1691 vart han kapellan hjå Axel Lind og fekk lovnadsbrev på å få soknekallet etter Lind som då var svært sjuk og heilt blind. Ventetida vart ikkje lang for Meyer. I mai 1692 vart han sokneprest, og da prostestillinga vart ledig i 1707 vart han prost over Dalerne prosti (noverande Orkdal og Guldal prosti).

Dengongen var det vanleg at eldste soknepresten i prostiet vart prost. Når Meyer likevel vart prost var det sikkert avdi han som magister var meir lærd enn dei andre. Magister Meyer døydde i 1716. Det også står på måleriet i kyrkja.

I Meyers tid hendte ei tragedie i Grøtte prestegard. Ein student Jens Holdh var gjest i prestegarden og han preika i Orkdal kyrkje. Same kveld som dei sat i daglegstova og samtalte — vart han ihelstikken gjennom det opne glasert av kaptein Allis Gutt. Sokneprest Meyer og fleire andre såg hendinga og ved deira prov vart kapteinen dømt til å miste hand og hode. Men kapteinen søkte om å verta skoten istedenfor og det fekk han innvilga. 30.8 vart han skoten på Munkholmen.

Magister Edvard Meyer var gift med Inger Munthe, dotter til fogd Iver Andersen i Romsdal og Anne Ludvigsdatter Munthe. Dei hadde 3 born:

1. Hans Meyer f. 1/11 1685 — res. kap i Orkdal 1712.

2. Iverine Marie Meyer gift m. a Prost Just Thyrholm — soknepr. til Nærøy.

b. Prost Eiler Wessel, sokneprest på Ørland.

3. Ingeborg Cathrine Meyer g.m. Fogd Hans Ibsen i Orkdal. Ein son av dei Edvard Meyer Ibsen vart også fogd i Orkdal.

IX, Tarald Ross

vart den neste soknepresten. Han var fødd 14/2 1684 i Trondheim. For-

Sokneprestar i Orkdal

VI Axel Lind fulgte eter Claus Jensen Parelius i 1684. Han hadde vore skipsprest i den kongelege marine før han kom til Orkdal. Truleg var

utnemninga hit ein kongeleg gunst og takk for heiderleg innsats. Elles er det heller lite ein veit om han. Han døydde i mai 1692 av lepra (spedalskhet).

Menighetsseminaret i Trondheim

Orkanger 225 (0)

Barneverninstituttet/Trondheim

Orkland 241. Orkdal 900. Orkanger 81. Tils. 1.222 (1.931)

Norges kr. ungdomsforbund

Orkland 357 (0)

Frits Eriks forlis

Orkdal 664 (0)

Institutt for kr. oppseding

Orkdal 511 (1.269)

Norges blindeforbund

Orkanger 227 (0)

KA i Orkdal (skolelaget)

Orkdal 2.345 (1.481)

Søvasskjølen fjellkyrkje

Orkland 830. Orkdal 1.975. Orkanger 823. Geitastrand 1.150. Tils. 4.783 (3.068)

Orkanger blandaor

Orkanger 420 (946)

Orkdal kyrkjes orgel

Orkdal 2.250

Orkanger menighetshus

Orkanger 1.379 (310)

Svorkmo KFUK/JM

Orkland 510 (555)

Moe k. barnekor/orkester

Orkland 130 (0)

Menighetsarbeidet

Orkland 4.472. Orkdal 4008.

Orkanger 3.216. Geitastrand 850.

Tils. 12.546 (10.248)

Offer i alt:

Orkland 20.324 (16.656)

Orkdal 53.774 (30.224)

Orkanger 10.913 (10.464)

Geitastrand 8.671 (7.092)

For prestegjeldet: 92.682 (62.021)

eldra var Lars Larsen og hustru Ingeborg. I 1705 vart han ordinert til personell-kapellan i Vardal i Oslo bispedømme. Men seinhaustes same året (14/10) fekk han tilsetting som Vicepastor i Hemne. Den 7/1 1715 fekk han førehandlovnad på Orkdal soknekall og da prost Meyer døydde i 1716 vart han utnemnd til sokneprest her. 24 år seinare (1741) vart han prost over Dalerne prosti. Han døydde 16/7 —1748.

Han var gift med Birgitte Sophie Sommerfeldt — dotter av sokneprest Johan Sommerfeldt i Vardal. Ho døydde i 1752 barnlaus.

Av Tarald Ross heng det også eit målarstykke i Orkdal kyrkje. Dette biletet har denne påskrift:

«D. m. s. Taraldus Laurentii Ross. Natus Nidarosia die 14 febr. 1684. Ordinatus Comminister Wardalensium 1705. Vocatus vicepastor Hefneensium 1706. Pastor Orcadalensium 1716. Creatus præpositus Dalensium 1741. Denatus 16 julii 1748. I Christo min Rigdom min Ære og min Glæde.»

Tarald Ross vart etterfulgt av halvbroren

IX. Ole Ross

Han var son av Lars Larsen og hustru Margrethe f. Laugenberg. Han var 28 år yngre enn halvbroren og fødd i Trondheim 22.7 1712. 14.7 1736 vart han presonellkapellan hjå bror

sin i Orkdal. 7.4 1741 fekk han sokneprestembetet i Klæbu og etterfulgte bror sin som sokneprest i Orkdal da broren døydde i 1748. I 1756 vart han prost over Dalerne prosti men sa ifrå seg prostiembetet i 1770. Han døydde 24.2 1775.

Om Ole Ross skriv biskop Gunnerius i eit hyrdebrev frå 1759 at han er ein av dei gode poetar.

Han var gift med Dorothea Marie Lemvig dotter til sokneprest og prost Jens Lemvig i Klæbu. Ho hadde først vore gift med Christen Henriksen Lyster og var enke etter han. Ho overlevde Ole Ross med to år og døydde i 1777 — 73 år gamal. Som enke budde ho på garden Hov i Orkdal. Ekteparet Ross hadde ingen barn. Ein som dei fekk var dødfødd. Også av Ole Ross heng det eit målarstykke av i Orkdal kyrkje. Det har denne påskrifta.

«Hr. Ole Ross. Fødd i Trondhjem 22 juli 1712. Capellan i Orkedalen 1736. Sognepræst i Klæbo 7 april 1741. Forflyttet Til Orkedalen 4. okt. 1748. Prost i Dalerne 5. febr. 1756. Aetatis LXII 1774.

X Hans Brinchmann

vart den neste presten i Orkdal. Vi veit ikkje kor han var fødd eller kva foreldra heitte, men han har gje dei opplysningar om seg sjølv at han var dotterdotterson av den

vidspurde magister Kjeld Stub prost over Øvre-Romerike og sokneprest i Ullensaker.

I 1737 finn vi han som res.kap i Støren, men da har han ei tid føreåt vore Hører (lektor) ved Trondheim katedralskole. 27/4 1753 vert han utnemnd til sokneprest i Haltdalen og 21/6 1775 får han same stilling i Orkdal. Han vart ikkje lenge sokneprest her. Den 22/12 1780 døydde han etter han ei tid føreåt hadde sagt frå seg embetet.

Han var gift med Anna Cathrine Bernhoft og fødd i 1720. Ho døydde i Orkdal 29/3 1801 i sitt 81 de år.

Dei hadde 3 born:

1. Anton Brinchamn f. 26/12 1740 i Støren. Han tok teologisk embets- eks. i 1765 og vart personell-kapellan hjå faren i Haltdalen. Han fulgte med faren i same stilling til Orkdal. I 1772 vart han sokneprest i Amtet i Østerdalen. Gift med ei Gunhild Olsdotter. mann. Sjå nedafor.

3. Agnethe Brinchmann, døydde ugift i Trondheim 2/2 1838 — 80 år gamal.

XI Christopher Bernhoft Brinchmann

var altså son av overnemnde og etterfulgte faren i embetet. Han var fødd 5/12 1740 i Støren. 20 år gml tok han studenteksamen og var så heime hjå faren i 7 år og leste teologiske disipliner med han. Så tor han til København og tok teol. embets- eksamen etter å ha vore ved Universitetet berre 1 år. Noko av ein rekord. Det seier noko både om farens pedagogiske evner og sonens dugleik. Den 10/2 1769 vert han personellkapellan hjå far sin i Haltdalen. Han fulgte far sin til Orkdal og vart saman med broren personellkapellan også der. Han vart sokneprest etter far sin i 1780. 17/3 1799 — palmesøndag — døydde han brått i sakristiet i Svorkmo kyrkje. Han hadde forretta for alteret og skulle nett gå på prelkestolen då det hende.

Han vart gift 1781 med Hanna Margrethe Hammond-dotter av generalmajor Hammond på Håkjer i Oppdal. Ho døydde i Thomas Angells hus i Trondheim 26/1 1820 66 år gamal. Dei var utan born.

Ein tradisjon i Orkdal vil vita at generalmajoren hadde kosta B. fram til presteeksamen på det vilkår at han skulle gifta seg med dottra. B. skal da ha sagt til generalen: «Jeg skal gifte meg med henne men jeg elsker henne ikke.» Tradisjonen vil også vite at ekteskapet ikke var godt.



Ole Ross

«Ingen prest i Orkdal har gjort slik reint uvanleg karriere», skriv Skrondal. «Den unge Ross tok fatt med ungdoms ihuge i brorens fotefar for å rette opp skulen». Men Orkdalingane var gjenstridige Det måtte «militær execution» til.

GÅVER til bladet

(Orkland:) Einar Walstad 20. Ida og Ola Skjøberg 20. Sverre Meås 20. Eline Hoston 20. Ingrid og Jarle Brattli 20. Marius Tronvold 20. Olaug og Arne Øverby 25. Molly og Erik Bjørnbeth 20. Jørgine Høston 20. Arn Leknes 20. Borghild og Kåre Sivertsvik 20. Barbor Rønning 20. Ingrid og Hjalmar Melting 10. Gunnar Opøien 10. Ingvar Grytdal 15. Erna og Lars Opøyen 20. Johanne og Lars Belsvik 10.

Utanbygds (ult. nov)

✓Kristine Raaen, Trheim 20 ✓Klara Finsås, Snåsa 20 ✓Morten Sletvold, Ingdalen 10. ✓A. Spjøtvold, Løkken 10. Sivert Haugen, Tynset 20. ✓Jorid Braaten Oslo 20 ✓Mari og Øystein Fagerli, Alta 25 ✓Karen A. Kvernmo, Buvilka 15 ✓Asbjørg og Hans Korsjøen, Overhalla 20 ✓Arnulv Øyasæter, Trheim 20 ✓Anna Marie Aas, Skjervøy 80. ✓Anne og Brage Tufliat, Glomfjord 20 ✓Gravdal, Langhus 10. ✓Ingeborg Sundli, Meidal 10 ✓Hanna Eldhamar, Tresfjord 10. ✓Karen Gjønnnes, Jerpstad 10. ✓Gunnar Almlie, Rindalsskogen 20. ✓Anders Lomundal, Rindalsskogen 20 ✓Kjellrun Jønland, Gåsbakken 20.

Orkdal (medio november)

Astrid og Sivert Konstad 10. Asbjørg Mellingsæter 10. Erl. L. Solem 50. Aslaug og Olav Slupphaug 20. B. Kristiansen 20. Ola Metli 20. Gerd og Sigurd Strømsvåg 20. M. og A. Ustad 10. Anna Bye 10. Reidar Buan 20. Andreas Penna 20. Harald Røhme 20. Erik Lefstad 20. Paul Sæterbakk 20. Jorunn og H.P. Kvåle 30. Ingeborg Øren 15. Maren Bratlie 15. S. Jarstein 10. Kristine Gjetmundsen 50. Bernt Bentsen 25. Torkel Hallien 20. Erling Kvåle 20. Ida Snøsen 20. Anna Asbjørnslett 20. Jostein Sæterbakk 20. Marit Eide 20. Lars M. Solberg 20. Jostein Slupphaug 20.

G.D 10. Herbert Hansen 10. Johan Knudsen 20. Johanna Solem 20. John O. Forvemo 20. Reidum Liåmo 20. Karen og Arne Kårmo 25. Johanna Skjervø 25. Ola P. Solem 30. Sverre Nyhus 20. Per Sæterbakk 10. Marit og Bendt Sæterbakk 20. E. og O. Gjønnnes 20. Oline og John Kvakland 20. Alida Meås 10. Karen Anne Norberg 50. John Wuttudal 20. Ivar Hollum 20. Marit og Alfred Lomundal 20. Edvard Forvemo 10. Einar Bjørndal 20. Ivar S. Liøkel 20. Marta Ustmo 20. Siri Anna Solberg 20. Klara og Bj. Sandstad 20. Borghild

GÅVER 1976

til menighetsbladet.

Geitastrand 1.905 kr.

Orkanger 9.588 kr.

Orkland 4.974 kr.

Orkdal 12.545 kr.

Utenbygds 5.625 kr.

og Harald Kvåle 20. Nora og John Sundli 20. M. og G. Forren 20. Martin Ebbesen 10. Gunnar Garberg 25. Gunda Solem 20. Anne og Sigurd Eldevik 30. Osvald Karlsen 20. Jenny Rise 20. Johanna Fannrem 20. Berit Metlid 20. Jon A. Sørli 10. Bjørg Stageberg 10. Hermund Asbjørnslett 50. Martha Egggen 20. B. Fagerholt 20. Ivar Haugen 20. Lars L. Garberg 20. Marie Nervik 20. Berit Wiggen 20. Martin Sognli 10. Kåre og Else Vik 20. Jorunn og Johan Haugen 10. Jarl Fagerholt 10. Anders Sveeggen 30. Marit og Johan Fagerholt 20. Randi Sveeggen 20. Olav Erling Solem 30. Mathilde Grut 30. Sofie Kristoffersen 20. Aagot Akseth 10. Ingeborg og Erling Aarvik 50. Anders Fagerholt 20. Margrete og Ola K. By 20. Karen og Bernt Aune-

mo 20. Kari og Fredmund Skauge 20. Gunvor og Jon Skauge 20. Eli og Ola Staveli 20. Torger Sandvik 20. Ingeborg Fagerholt 20. Gjertrud Sølberg 15. Otto Ludwig 20. Ida Lium 20. Karen Mo 15. Ingrid Rindal 20.

Orkanger (primo november)

Solveig Ranæs 20. Kari og Johan Richter 25. Ingeborg og Ola Øyum 15. Bolette Jenssen 10. Dagny Rømmesmo 10. Sigrid Syversen 10. Mary Sneve 10. Kari Gravrok 50. Anna Gaupites 10. S. og A.M. Solberg 15. Otto Sæther 15. Ole Nervik 10. Signe og Reidulv Kvikne 20. Arvid Jenssen 20. Hansine Snildal 10. Lorentze Lillebakken 10. Marie og Gunnar J. Ustad 20. Oddveig og Noralf Sødahl 20. Gunnveig Mule 20. Elfrid Sandgrind 20. Olaug og Gunnar Gundersen 20. B.M. Karlsen 20. Ingvald og Svanhild Røhmesmo 20. A. og L. Meland 10. Ella Solli Elstad 10. G. Sødahl 10. Gunvor Mostad 10. Marit Asphaug 10. J. Karlsen 10. Solveig Skjetne 20. D.M.L. 20. Berit Hollum 20. R. Tellefsen 10. Ragnvald Kvernmo 10. Elbjørg og Leif Lyngstad 20. Egil Olsen 20. Ole Solem 20. Anna Bye 20. John Holen 10. Konrad Sæther 10. Margot Dragseth 10. Margit og Arne Høvik 10. Petter Antonsen 20. J. og O. Lorentzen 20. Georg Svorkmo 20. Aase Hoff 20. Judith Grande 20. Ole Frantzvåg 15. Helga Morken 30. Liv og Knut Fossum 25. Arne Kr. Jenssen 10. Johan Øien 10. Borghild Andersen 10. Ivar J. Svorkmo 10. E. og J. Svorkmo 10. Nelly Hoff 10. Kåre Sæther 10. Ole Meslo 10. Serine Reitan 10. Petra og Ingv. Togstad 10. Karen Bakken 10. Hansine Stokkan 10. Sigrid og Olga Strandly 20. Marta og Tore Landmark 20. Astrid og Arvid Røhme 20. H. Røhme 20. Arne K. Togstad 20. O. Gjølmesli 20. Ragna og Jens Dahlø 20. Karl Evjen 20. B. og J. Korsen 20. Oddny Wæge 20. Johanne Røhmesmo 20. A. - L. Krok-an 20. Marta Haugum 20. Inger og Birger Elvbakken 20. A. Jenssen 20. Anne Marta Vinterdal 20. Kristen Solligård 20. Iversen 10. Johanna Haugen 10.

Orkland (primo november)

Magne og Oddbjørg Hoston 20. Olav Aune 10. Olav Dalen 15. Ole Hegg-lund 10. Kristine og John Svorkmo 20. Rutt og Erik Tallerås 20. Ingeb. Asbølmo 10. A. og I. Monset 10.

Framh. s. 10

Wormdahl Trafikkskole

Postboks 50 - Tlf. (074) 80 796

7301 ORKANGER



Siste nytt

frå SVORKMO-SPEIDARANE

Fredag 14. januar hadde meisene julebukaksjon. Alle jentespeidarane var innbedne til møte på stasjonen (speidarlokalet vårt) kl. 18.00. Meisene hadde kledd seg ut og førebudd innsamling til UNICEF. Innsamlinga foregjeikk med song og framsyning av morosame påkledningar. Innsamlinga gav over hundre kroner som vi med glede sender UNICEF.

I KFUM blir det to patruljer mindre i år enn i fjor. Gutespeidinga har hatt ein vanskeleg periode i haust. Vi vil arbeide for at dette semesteret blir prega av godt arbeid i alle patruljene.

Som åra før, skal vi på leir i sommar og. Sommarleir er høgdepunktet i speidararbeidet. Mye av arbeidet utover våren blir førebuing til leiren. I år skal vi til Julneset utanfor Molde.

Vi ventar no på Tjønnåsen skal bli ferdig. Der kan vi drive med mange slags aktivitetar ute i naturen. Turane dit gjev og god trening til leirliv.

Elles har vi tenkt å kjøpe telt i vår, slik at vi til sommaren kan dra på tur med ein del eigne telt. Før har vi lånt alle telta.

P.S. Vi minner om utlodninga!! D.S.

Møtetider:

Tysdag kl. 17.00: Ulvunger (8 - 11 år)
 Onsdag kl. 17.00: Meiser (1 - 3. kl.)
 Onsdag kl. 18.30: Speidarar — Elg (13 - 16 år)
 Onsdag kl. 20.00: Rover (16 - 22 år)
 Onsdag kl. 20.00: Ranger (16 - 19 år)
 Torsdag kl. 17.00: Vandrarar (7. - 9. kl.)
 Fredag kl. 16.30: Speidarar — Tiur (11 - 13 år)
 Fredag kl. 18.00: Stifinnarar (4. - 6. kl.)
 Fredag kl. 18.00: Patruljeføremøte.

I tru på Guds hjelp

lovlar eg:

A tene Gud og mitt land,
 Hjelpe andre
 Og leve etter speidarlova.

(Speidarløftet)

*

EIN SPEIDAR ER EIN GOD VEN.

(§ 4 i Speidarlova)

*

EN VENN

- er en som bruker sin tid til å være sammen med deg
- er en som leker med deg
- er en som hører på deg når du har noe å fortelle
- er en som du kan dele dine hemmeligheter med
- er en som hjelper deg.

*

Hva betyr våre venner for oss?

Hva betyr vi for våre venner?



det rike Europa og Amerika, så menneskene der blir ydmyke. La ham blåse over Afrika og de røde delene av jorden, så menneskene der skjønner hva rett frihet er. Det finnes tusener av røster og ånder i denne verden, men vi vil bare høre din stemme og bare åpne oss for din Ånd.

Afrikanske bønn.

*

1. — 5. FEBRUAR

vil speidarar gå omkring i heimane og selje todd.

Vil du hjelpe oss, så kjøp!

*

Er det en sak som vi føler er vår, har den et mål som vi unge forstår. Speidernes sak har vi fått, og vi vil vise at den har de mål som skal til. Lær dem å kjenne.

Vi mener de kan bygge vårt land.

*

Ein speidar arbeider for fred og forståing mellom menneske

(§ 10 i speidarlova)

I dine siste dager på jorden

lovte du oss, at du skulle sende din hellige Ånd som vår hjelper.

Vi vet også at din hellige Ånd blåser over vår jord.

Men vi forstår oss ikke riktig på ham. Mange tror at han er bare vind og følelser.

La din hellige Ånd senke seg ned i våre liv.

La ham komme som blod

inn i våre årer,

så vi blir helt ledet av din vilje.

La din Ånd blåse over

Vi gleder oss over at det no også er blitt gutespeidarar på Fannrem og på Evjen. 1. Evjen KFUM og 1. Fannrem KFUM er alt i oppstartingsfasen. Velkomen i speidarbrorskapet!

Redaksjon:

SVORKMO 1. KFUM rangerlag



SPEIDARHELSING

Dei tre fingrane i midten symboliserer dei tre hovudpunktta i speidarløftet. Ringen som vert danna av tommelen og veslefingern, er eit teikn på det brorskapsbandet som knyt alle speidarar i heile verda saman.

Småprat med Johanna og Per Øyum


Han er ingen liten kar på noen måte Per Øyum. Ei kjempe er han kroppsleg, hodet har han klart, og alderen er 91 år. Ho Johanna er 10 år yngre, smilande og blid og glad i han Per, som han i henne.

«Eg hugsa så godt 2. juledag 1893 da eg fekk vere med far til Orkdalskyrkja. Det var første jula kyrkja var i bruk. Vi køyrde i styrslåe. Det var stuvande fullt, mye folk var det og utanom kyrkja. Masse hestar, hugsa eg. Det var sokneprest Skauge som hadde gudstenesta. Vi køyrde til hovudkyrkja fordi vi mangla bru over Orkla. Gravferd og bryllaup hadde vi også der. Øyumbrua kom i 1923, da drog vi alltid til Moskyrkja. Ja, eg hugsa godt preikestolen frå den juledagen, syntest det var så flott med alle draperiene rundt kanten». Denne jula var han Per altså 8 år.

Ho Johanna snakkar om storpredikanten Anders Svorkmo. «Kvit-håringen» kalla dei han. «Vi likte han så godt, han song så pent, og tala godt. Vi ungdomar bruka dra rundt omkring til grendene der han hadde møter». Anders Svorkmo har skrive ein sang som står i Sangboken nr. 396. «Rekk meg, o Jesus, din hjelpende hånd». Han ga også ut si eiga sangbok.

Han Per har minnet i ordene: «Eg blei konfirmert 7.10.1900 i Moskyrkja. Det var Gustav Jensen som var prest. Vi var 23 gutar og 23 jenter. Eg fekk to bibelord av presten: «Gudsfrykt er nyttig til all ting da det har forgjettelse for det liv som nu er og for det tilkommende», og «Velger Eder i dag hvem I vil tjene». Eg hadde desse skriftorda på kort i salmeboka, men alt brann opp for meg i Ferny i British Columbia».

Men han Per har dei i minnet han. Og dei er like lysande framleis. Vi



delte nattverd saman. Det var ei stor stund i stova til Johanna og Per. To små oldebarn var med som lysande englar.

«Vi likte Egil Brekke godt», seier Johanna. «Han var godt likt av ungdommen». Og Per skyt inn: «Det var ein stor dag for meg i kyrkja eg gjekk i Mineapolis da Egil Brekke var der og hadde gudsteneste. Orkdalingane i kyrkja blei bedt fram for å treffe han. Det var John Lium og eg. Vi hadde ein prest der som heitte Ole Sletten. Vi hadde norsk gudsteneste, men det var anna liturgi. Og det norske språket blei etter kvart borte».

Per Øyum har vore 3 gonger i Amerika. Alt som 18 åring drog han over dammen i 1903. Den siste gongen var 1928-32. Det var tronge kår heime i gamlelandet som fekk Per til å freiste lykka igjen endå han hadde ho Johanna og 4 barn heime. Eller rettare sagt, det var vel derfor han drog, for å prøve forsørge sine. Men det var stor nedgangstid i USA og dei åra. Per kom igjen like fattig som han drog. Johanna smiler når ho seier: «Ein ser lyst på livet når ein er ung. Da Per drog hadde vi 20 kr. Ein gong eg skulle sende brev till Per hadde eg berre 20 øre. Det kosta

30. Den dagen kom det ei kone og ville kjøpe 2 kg. byggmjøl. Slik fekk eg nok porto da også».

I Amerika dreiv Per som arbeidar på sagbruk og høvleri, og han var på anlegg i Dixon i Illinois. Det var bruarbeid. I 1932 hadde han samla seg så mye pengar i banken at han kunne kjøpe billett heim igjen. Heime var det vegarbeid. Det var trengt i 30-åra. Men eg prisar meg lykkeleg for det som var».

«Dersom ein har oppført seg så noenlunde, og skapt seg noen gode minner, så er det godt å bli gamal», legg han til.

Det er ro og stille i stua til Johanna og Per. Her er godt å vere, og inspirasjon å samle. Ein får tru på livet i møte med dei eldre.

Helgedag — —

Framh. frå s. 3.

Søndagen må gjenvinnast som helg. Til det trengst planmessig arbeidsinnsats. Her må alle som vedkjenner seg kristennamnet vere med. På dette området behøve vi ikkje dra i kvar vår retning.

Ho var aldri borte —

Framhald frå s. 3.

Ho snakkar roleg om familiegravene der ho sjøl skal få ligge. Ho siterer: «Hvor usigelig god Herren er, god mot alle, men meg især». Ho minnest det fru Trømborg sa ein gong: «Du er jo så glad i dette». «For meg er det naturleg», legg Kirsti til. «Eg har levd eit langt liv i stormar og solskin, men det er solskinnet som blir igjen, heldigvis», smiler Kirsti Halsen.

Misjonssambandet Orkladal

1 — 5.2: Fannrem eller et annet sted 22 — 27.2: Løkken v/Gilde.

1 — 6.3: Haugenes og Krokstadøra v/Gilde.

8 — 13. 3: Vårliv Svorkmo
 15 — 20.3: Børsa og ev. Gjelme — Orkanger v/Gilde

Vil du være med å forberede virksomheten i bønn og bekjentgjørelse.

Med hilsen
 Arnt Gangås, f.t. sekr.

Møter for Fjellkyrkja:

Kjørenmoen onsdag 16.2. kl. 20.
 Stokkhaugen onsdag 23.2. kl. 20.

Som budbringer fra den konge hvis rike er kjærlighet, og fred, må ditt ansikt lyse, ellers vil man ikke tro på din tjeneste.

M_B

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)
Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)
Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer
stengt.

**Konstads
Bokhandel**

Orkanger.

Bøker - Papir
Skolemateriell

80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikkk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

**Svorkmo
Handelsamlag****Svorkmo Prenteverk A/S**

Vend Dykk til oss når det
gjeld trykking av blad, tids-
skrifter, forretningstrykk
m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

**OPPFOTOGRAFERING
AV GAMLE BILDER**

Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

SE VAR MUSIKKAVD. FOR
ORGLER - GITARER o.s.v.

Tlf. 80 356 Orkanger

Gåver til bladet

Framh. frå s. 7.

Dortea og Ivar Hoston 20. Magda Rosmann 40. Berit Berbusmel 10. Erling Svorkmo 20. Grethe og Georg Skjølberg 20. Anna Amotsbakk 10. Anna Lium 10. Sigrid Tronvold 20. Kari og Magne Staveli 20. B. og K. Nilsen 20. Johanne Smedhaug 10. Svanhild og Harald Bakken 15. Marie Tangvik 15. Tore Halgunset 20. Sverre Bakke 10. Ingeborg-Anna Aarli 30. Brit Håndstad 10. Randi og Ingebrigt Holthe 20. Synnøve og Einar Haugen 20. Anne Fuglås 20. Julius Berg 20. Jarle og Britt Maj Skjervø 20. Målfrid Elden 10. Anne Svorkmo 10. Arnt Svorkmo 10. Asta Fossum 10. Johanna og John Barbo 10. Else Tallerås 10. Gerd og Olav Haugen 15. Ingebr. Boksbu 15. Kr. Svorkmo 50. Anne Dalen 15. Gjertrud Rønningsbakk 20. Målfrid og Leif Midtlyng 20. Marit Hoston 20. Lars Aune 20. Odd Larsen 20. Olga og Ola Lomundal 20. Erik Hoston 20. Elisabeth og Ola Hoston 20.

Geitstrand — Gjølme (primo nov.)

Gunhild Ingebrigtson 20. Sigrid Halsen 20. Gudrun og Johannes Halsen 20. Birger Berntsen 10. Edith og Atle Hansen 10. Einar Klomstein 20. Svein Sletvold 30. Karen H. Sletvold 30. Johan Sletvold 10. Ingeborg og Gunnar Nilsen 20. Aksel Magnussen 20. Jenny og Anders Gjeten 20. Knut Aasen 20. Paul Asen 20. Jens Kjøren 20. Frøydis Kjøren 20. Marthe Kråkdal 20. Edvard Almlil 10. Henr. Volden 20. Alfild Wiggen 10. Guri Molde 20. Gunnar Asphaug 10. Ingeborg Svinsås 10. Nelly og Georg Hukkelås 20. Svein Liøkel 20. Laurits Aasen 20. Harald Isaksen 20. Andreas Rian 20. Sigrid Skjenald 10. Borghild Larsen 20. Arnfen Dørdal 10. Nils Hansen 15. Eva Sandvik 15.

Utanbygds (primo november)

✓ Bjørg Kristiansen, Langhus 10.
✓ Johanne Nyland, Ytre Laksevåg 10.
✓ Ragnhild Johnsen, Trondheim 20.
✓ Arne Grut, Blommenholm 10. ✓ Åse Hagen 10. ✓ Rikard Skjenald, Oslo 50.
✓ Marie Ansnes, Oslo 15. ✓ Aslaug Moksnes, Oslo 10. ✓ Anne Gruthaug, Meldal 10. ✓ Eli Hofstad, Stjørdal 10. ✓ Serine Grostad, Ingdalen 10. ✓ Gunhild Kvikne, Trondheim 20. ✓ O. Havdal, Trondheim

20. ✓ Karen Hassel, Trondheim 100. ✓ E. Guldseth, Trondheim 20. ✓ K. Wormdal 20. ✓ J. Almlil, Trondheim 25. ✓ O.L. Gjønnes, Heimdal 30. ✓ Gangåssæter, Heimdal 10. ✓ Astrid Duaas, Vinjora 10. ✓ J. og K. Bjørndal, Isfjorden 20. ✓ Mariann og Ragnar Haarberg, Ranheim 10. ✓ Klara Finsås, Snåsa 20. ✓ Mulla Kirkaune, Løkken 20. ✓ Oddveig Halsettbakk, Storås 15. ✓ Johan Vormdal, Laghaugmoen 20. ✓ Marta Husby, Stadsbygd 15. ✓ Dorthea Wesche, Ingdalen 10. ✓ Einar Ingdal, Selbekken 10. ✓ Ellen Berg, Strømmen 20. ✓ Dagrun Kongsgård, Gjøttum 30. ✓ Gustav Ofstad, Fåvang 20. ✓ Bergljot Omland, Veblungsnes 20. ✓ Aase Solem, Levanger 10. ✓ Ola Monset, Raufoss 10. ✓ Dorthea Rye, Meldal 20.

Orkanger (ultiimo nov. -76)

E. Holt 20. Dordi Kvernød 10. Berntine Ofstad 10. M. Bach 20. Nelly Sivertsen 20. Peter Schei 10. Målfrid Bakken 10. Johanna Haug 15. Morten Monseth 20. M. og J. Fosslund 20. Jarle Ustad 15. Gerd Olsvik 15. Reidar Wormdal 20. Liv og Sigmund 25. Regine Sivertsen 20. Judith og Trygve Oien 20. A. og K. Kringstad 10. Anne Espås 10. A. og R. Røhmesmo 20. Frida og Olav Rostad 20. Solveig og Odd Scherve 20. Jostein Kvakland 10. Albert Hagen 30. Hågen Steen 15. Bergljot Asbjørnslet 20. Ragna Sletvold 20. Anne og Jan B. Sivertsen 10. Anna Fagerholt 50. Lilly og Johan Evjen 20. Karen Pedersen 20. Olav Bjørnsli 20. Anna og O. S. Røhmesmo 20. Per og Karin Vinterdal 20. M. og E. Karlsen 20. K. Kvarsnes 10. Lars Svinøy 10.

Hjarteleg takk!

Kyrkjestatistikk for 1976

tala i () gjeld 1975

Gudstenester 144 (168)
Møter v/prest og m.sekr. 318 (372)
Off. styremøte 81 (74)
Sjuka- og sjelesorgbesøk 555 (572)
Andakt aldersh.+ sjukehus 112 (134)
Skolebesøk 31 (29)
Født 101 (124)
Døpte 126 (126)
Konfirmerte 141 (148)
Vigsjar 52 (55)
Nattverdgjester 1558 (1646)
Døde 125 (116)

Magne Staveli & Co.

RADIO- OG TV-SERVICE

Postgiro 3 65 83 58 - Bankgiro 8653.08.01588

Tlf. 82 630 - 7320 FANNREM

Menighetens årsfest

Orkanger søndag 20.2 kl. 18.
Hoston søndag 27.2. kl. 19.00

Eldres hyggetime/Hoston grendehus
fredag 18.2 kl. 11. Skyss/ring Rann-
veig Tronvoll.

Menighetsfakultetsstudentane møte:
Svorkmo misjonshus søndag 13.2. kl.
19.30.
Megarden bedehus måndag 14.2. kl.
19.30.

75 årsjubileet Megarden bedehus
søndag 6.2. kl. 17.

Eg gjorde som dei mange

(Mel: Velt alle dine veier)

Eg gjorde som dei mange
med eigen båt å gå:

og kronen så forlange
når døden ville slå.

Men eg har storleg synda
i denne falske tro.

Da vær kløyvde seila
eg måtte til å ro.

Eg rodde meg på grunnen
og satt der ganske fast,

i storm, med gufs frå bunnen
imot meg — arme gast.

Eg ropa da i nøden:

«Rekk Jesus meg di hand!

Du ser, eg går mot døden.

Bli hjå meg med di And.

Petter Christloch

P.Ch. døde før jul på Orkdal alders-

**A.I Orkla Kornsilø
og Mølne**

7320 Fannrem

Tlf. Fannrem 82 398

LEIEMALING og LEIE-
BLANDING.

KORNENSILERING.

**Generalsekretær
Gunnar Prestegård**

blir hovedtaler på vintermøtet som Trøndelag Indremisjonskrets innbyr til i Salem, Trondheim, helga 26. - 27. februar. Det blir Prestegårds første «offisielle» besøk i kretsen siden han tiltrådte sin nåværende stilling. Tidligere har han bl.a. vært landsungssekretær i Indremisjonsselskapet og forlagssjef i Lutherstiftelsen.

Som talere og sangere deltar ellers en rekke av kretsens egne krefter, bl. a. elevkor m.m. fra Fredly folkehøgskole. H.G.

heim. Denne salmen skreiv han ned i si siste tid som ei god vedkjenning og helsing.

TRELAST BYGGEVARER

Til reparasjoner og nybygg er stedet for en god handel.

ORKDAL SAG OG HØVLERI

Tlf. 074. 82265. 7320 Fannrem

Vår glade tømmergjeng

tek gjerne på seg tømmerhogst.

Har du tømmer på rot som du ønsker å gje bort, så står vi til disposisjon for å ordne opp med det. Kontakt da ein av oss i komiteen for reising av

Søvasskjølen fjellkyrkje.

**Kringkastingslaget
i vekst**

Kristelig Kringkastingslag er stadig i vekst. I 1976 økte medlemstallet mye og inntektene likeså. Laget har som kjent engasjert seg aktivt i forbindelse med enkelte moralnedbrytende programmer i NRK i det siste, men ser det ellers som en oppgave å satse mer etter hvert på «positive» tiltak, blant annet gjennom stipendiefondet som gir økonomisk stønad til unge kristne som ser det som et kall å gå inn i kringkastingsarbeid — her i landet eller på misjonsmarkene.

Fra nyttår 1977 startet laget et internasjonalt massemedia-forskningsinstitutt i Kristiansand. Styret for instituttet består av generalsekr. Sigurd Aske, formann, skipsreder Leif Haanes og biskop Sigurd Lunde, samt formannen og nestformannen i K.K.L. Landsmøtet 1977 vil bli lagt til Trondheim 16. april. Landsstyrets formann er programdirektør Age Neveland, landsleder sokneprest Erling Ruud.

Vanlige medlemmer betaler kr. 20, (ektefeller til vanlig medlemmer) kr. 10,— og skoleungdomsmedlemmer (også studenter) kr. 10,— Alle uinntatt støttemedlemmene får tilsendt meldingsbladet «På bølgelengde». Årskontingenten sendes første året til vår adresse, postgirokonto nr. 3 06 13 48. Senere blir den innkrevd ved innbetalingskort fra hovedkontoret. NB! Melding om medlemskap føres på postgirotalongens bakside.

Vi takker på forhånd alle som vil støtte K.K.L.

Med vennlig hilsen

K.K.L. Sør Trøndelag krets
Prinsensgt. 22 b 7000 Trondheim
Harald Græsli, formann
Petra Winsnes, sekr.

GUDSTJENESTER

20.2 Fastelagssøndag

Moe kyrkje kl. 11: Høgmesse v/res.kap. Eidhamar.

Orkanger kyrkje kl. 11: Høgmesse v/feltprest Audun Slettahjell. Offer til kristent soldatarbeid.

Orkdal kyrkje kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad og feltprest Svein Harald Sæbø. Offer til kristent soldatarbeid.

27.2. 1. s. i faste

Orkdal kyrkje kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad. Offer .Nattverd

Geitastrand kyrkje kl. 11: v/res.kap. Eidhamar. Offer. Nattverd. Buss frå Husdalen

4. mars fredag

Orkanger kyrkje kl. 18.00: Kvinnernes Internasjonale Bønedag.

Moe kyrkje kl. 20.00: Kvinnernes Internasjonale Bønedag.

6. mars. 2. s. i faste

Moe kyrkje kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad. Offer til Barnevernsinstituttet. Nattverd.

Orkanger kyrkje kl. 11.: Høgmesse v/res.kap. Eidhamar. Nattverd.

9. mars. Onsdag

Orkdal kyrkje kl. 20.: Fastegudstj. v/prost Rogstad. Nattverd.

13. mars. 3. s. i faste.

Orkdal kyrkje kl. 11: Høgmesse v/res.kap. Eidhamar. Offer.

Hoston kl. 11: Gudstenestleg møte v/prost Rogstad.

La oss be

- for det ufødte barn.
- for kvinner og menn som ventar barn
- for barnets plass i heim, kyrkje og samfunn.

La oss takke

- vår tids store muligheter.
- for den auka kyrkjesøking.
- for fri Gudstilbeding.

Stakkars gamle sjel

Jeg pleide å si selv, Mester, når jeg i min overmodige ungdom tenkte

at alle som var over 30, var ferdige, ute av dansen....
og at den som var 40, hadde ene beinet i graven.
Nå er jeg selv ved 70-årsmerkesteinen, «still going strong» og lykkelig over å bli gammel»

Jeg ønsker ikke å leve livet om igjen, Herre.

Det har vært for mange smertefulle passasjer,

altfor mye slit,
altfor mange skuffelser....

Jeg kjenner meg som en skute på veg inn i en lenge søkt havn,
stormpisket og med solblemmer i malingen, men som likevel tøffer i veg med den gamle trofaste maskinen
mot den endelige dokken.

De unge tenker på meg som «stakkars gamle sjel».

De kan spare seg medynken, for jeg trenger ingen.

Jeg liker å være gammel, koser meg over alderen.

Lengsler og spørsmål er for det mest langt bak meg.

Forventningene er beskjedne, så de skuffende illusjonen blir færre, ønskene er heller små og behovene enda mindre.

I din godhet har du gitt meg en slags visdom, så jeg reagerer ikke lenger så voldsomt på ubehagelige nyheter og dømmer ikke så hardt.


Denne modningen er en av bonusene som følger med det å bli gammel, og som jeg takker deg for, Herre.

Så denne stakkars «gamle sjel» er en lykkelig og fornøyd sjel.

Takk, Mester, for din store andel i det.

Sammen med deg skal jeg greie det siste vegstykket også.

Flora Larsson



Anders i Kvålskroken

Klokka ovanfor i det vakre skåpet går sikkert rett. Det stammar frå Kvålskroken. Men han Anders går aldri etter klokka. Slikt har han berre til stas. 1. februar fyller han 70 år, bygdekongen, tuftekallen, festtalaren og bonden Anders P. Kvåle.

Tja, kvifor han framfor alle andre, og klokka hans? Godtfolk får berre spekulere. Vi gjer det lell. Om det er premisauen eller god omtale i menighetsbladet han set mest pris på, det er ikkje godt å seie. Han er mangfaldig han Anders. Og takk for det! Gud signe dagen!

SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.